

KLUBBHANDBOK

Vanylven Fotballklubb



Klubbinformasjon

Klubbnavn:	Vanylven Fotballklubb
Stifta:	10.12.2017
Idrett(er):	Fotball (Ball og boccia)
Postadresse:	Syvdefjordvegen 17, 6142 Eidså
E-postadresse:	epost@vanylvenfk.no
Internettadresse:	www.vanylvenfk.no
Organisasjonsnummer:	980 441 873
Bank:	Sparebanken Møre
Bankkonto:	3910.26.44542
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité
Knytt til:	Norges Fotballforbund, Sunnmøre Fotballkrets Møre og Romsdal Idrettskrets



Klubbhandboka er bygd opp etter malar frå idrettsforbundet:
<https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/klubbhandboka/>

Innhald

Klubbinformasjon	2
Innleiing	4
Historia bak VFK	4
Verdiar og visjon	4
Verksemda - Vanylven FK.....	5
Hovudmålet til klubben.....	5
Organisasjonen	5
Funksjonar og ansvar	6
Årsmøtet	6
Styret.....	6
Utval/komitear	7
Klubben sine vedtekter	7
Medlemskap	7
Deltakaravgift i cupar.....	8
Reise i regi klubben	9
For deg som er utøvar, føresett, trenar, lagleiar og klubbdommarar	9
Utøvar	9
Forelder/føresett	9
Trenar.....	10
Lagleiar.....	10
Klubbdommar	11
Klubbdrift	11
Kurs og utdanning	11
Medlemshandtering.....	11
Dugnad og frivillig arbeid	11
Politiattest.....	11
VFK sitt syn på doping	12
Kommunikasjon	12
Arbeidsgivaransvar.....	12
Tryggleiksarbeid (HMS)	12
Økonomi.....	12
Forsikringar	12
Anlegg og utstyr	12
Utmerkingar og æresbevisingar	13
Retningslinjer i klubben	13

Innleiing

Klubbhandboka skal vere eit oppslagsverk der ein finn informasjon om organiseringa av klubben. Den skal medverke til kontinuitet og stabil og forutsigbar drift.

Klubbhandboka er laga av styret etter innspel frå nemnder, trenarar og lagleiarar, foreldre, dommarar og utøvarar.

Handboka skal nyttast til å forstå og kommunisere kva som er viktig i vår klubb, kva vi står for, kva vi vil oppnå, kva vi tilbyr og korleis vi gjer ting.

Historia bak VFK

Vanylven FK er resultatet av samanslåing av Vanylvskameratane FK og Åram/VanKam FK i 2017.

VanKam FK hadde tilbod berre til aldersbestemte lag medan Åram/VanKam FK dreiv berre med seniorlag.

Denne organiseringa medførte fleire problemstillingar:

- Manglande oversyn over fotballaktiviteten i kommunen
- Problematisk overgang frå aldersbestemt aktivitet til seniornivå
- Ulike syn på utvikling av anlegg og baner
- Krevjande å drive to parallelle organisasjonar

Etter samanslåinga har ein opplevd ny entusiasme med realisering av nytt tribunebygg, ny fotballhall, oppstart av 6-årslag, oppstart av 7-ar lag for menn senior, planarbeid for FFO og generelt aukande medlemstal.

Klubben opplevde også sportsleg suksess i 2019. G16 vart vinnar av Norway Cup for 7-ar lag etter å ha blitt nr. 2 året før! A-laget rykte opp til 5. divisjon etter to år i 6. divisjon.

Verdiar og visjon

Vanylven FK baserer aktivitet på felles vedtekne aktivitetsverdiar for norsk idrett: Ærleg, leiken, ambisiøs og inkluderande. Klubben sitt arbeid skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Ut frå fellesverdiane i norsk idrett, har Vanylven FK tydeleggjort kva som skal prege oss og klubben vår.

Verdiane skal hjelpe oss til:

- å skape eit godt klubbmiljø, der vi tek godt vare på kvarandre
- å skape gode haldningar, som fører til eit godt treningsklima
- å vere en klubb som er kjent for godt samarbeid og god oppførsel
- å verte tydelege, få fram det som skil oss frå andre, og klargjere vår spesielle identitet
- å vere en klubb som følger NFF sine retningslinjer for fair play på alle nivå
- å vere en klubb som følger NFF sine retningslinjer for barnefotball m.a. med omsyn til speletid, breiddefotball og utvikling av einskildspelarar
- å vere en klubb der jenter og gutar får eit like godt tilbod

Vanylven FK sin visjon:

Vanylven Fotballklubb ynskjer å vere ein klubb som tek godt vare på alle medlemmane og nærmiljøet sitt. Vi vil at alle born, unge og vaksne skal ha det trygt og godt på alle arrangement i vår regi. Fotballtreninga skal ikkje berre vere ein stad for utvikling av ferdigheiter, det skal og vere ein stad der spelarane skal ha det kjekt i lag med andre.

Vi vil skape eit aktivt og utviklande miljø rundt sentralbaneanlegget Eidsåvoll for alle i Vanylven kommune. Det er difor viktig å prøve å tilpasse tilbodet slik at dei som er aktive har eit tilbod som er tilpassa nivå og interesse for trening. Vi vil også legge til rette for at publikum skal få ei god oppleving kvar gong dei tek turen til Eidsåvoll for å sjå kamp.

Verksemda - Vanylven FK

Vanylven fotballklubb tilbyr fotballaktivitet i nær alle aldersgrupper, både for gutar og jenter. Jenter og gutar spelar i lag i dei yngste aldersklassane, og delar seg etter kvart i reine gute –og jentelag om det er nok spelarar til det. Jenter som treng meir utfordring og som har interesse for å trene meir får høve til å trene med gutar. Gutar som treng meir utfordring og som har interesse for å trene meir, får høve til å trene med eldre årsklasser (jfr. Punktet om spelarutvikling i Sportsplanen).

Vanylven Fotballklubb har eit Sportsleg utval som jobbar med «fotballpolitiske» spørsmål. Føresette og trenarar/ oppmenn kan ta kontakt med nemnda om ein har spørsmål som går på t.d. treningstilbod, utvikling, speletid, inndeling av lag m.m.

På seniornivå har Vanylven både herrelag og damelag. Herrane har eit 11'arlag og har tidlegare også hatt eit 7'arlag. 7'arlaget er eit tilbod til unge og vaksne som har lyst til å spele fotball, men som av ulike årsaker ikkje spelar på 11'arlaget. Damelaget har hatt eit 7'arlag, men det vil variere om dei har lag til serien.

Vanylven fotballklubb var så heldig å ha klar ein innandørshall med 7'ar kunstgrasbane. Denne stod klar i 2020. Hallen har bidratt til at alle lag kan trene på kunstgrasdekke heile året. I hallen er det difor høve til å spele kampar på nesten alle aldersbestemte nivå gjennom heile året.


Klubben vår er heilt avhengig av frivillige for å få hjula til å gå. Alle er viktige i denne prosessen! Om du har laga ei vaffelrøre, står i kiosk, er trenaransvarleg, lagleiar, verv i styret, baneansvarleg, og ikkje minst om du har brukt ein eller kanskje hundre ettermiddagar til dugnadsarbeid på tribune, bane eller hall. Alle er viktige for at VFK skal kunne gi eit godt tilbod!

Hovudmålet til klubben

Ha fokus på å auke aktive spelarar i klubben gjennom å tilby eit godt sportsleg og sosialt opplæringsmiljø, samstundes som ein har fokus på å halde flest mogleg lengst mogleg i fotballen.

Organisasjonen

Vanylven fotballklubb er organisert slik for 2025:



Funksjonar og ansvar

Årsmøtet

Årsmøtet er klubben si høgaste mynde og vert helde kvart år i februar/mars. Oppgåvene til årsmøtet er nærare forklart i vedtektene til klubben. Vedtektene finn du [her](#).

For å ha stemmerett og vere valbar må eit medlem ha fylt 15 år, vore medlem i klubben i minst ein månad og ha betalt kontingent. Innkalling til årsmøtet vert annonsert på klubben si heimeside og på Facebook.

Årsmøtet legg grunnlaget for klubben sin aktivitet og styret sitt arbeid. Alle som ønskjer å vere med på å bestemme kva klubben skal gjere, og korleis den skal drivast, bør delta på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet vert lagt ut på klubben si heimeside.

Styret

Styret er klubben si høgaste myndigheit mellom årsmøta. Nokre saker kan ikkje av handsamast av styret, men må handsamast av årsmøtet. Det gjeld saker som går fram av «Årsmøtet sine oppgåver» og saker som er av ekstraordinær karakter eller av betydeleg omfang i forhold til klubben sin storleik og verksemd. Dersom styret er i tvil, bør saka opp på årsmøtet.

Lovpålagte oppgåver for styret:

- Sette i verk årsmøtet og overordna organisasjonsledd sine regelverk og vedtak
- Sjå til at idrettslaget sine midlar vert brukt og forvalta på en forsvarleg måte, i samsvar med dei vedtaka som er fatta på årsmøtet eller i eit overordna organisasjonsledd, og sørge for at idrettslaget har ein tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen og ein forsvarleg økonomistyring
- Etter behov nedsette komitear, utval eller personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for deira funksjon
- Representere klubben
- Utpeike ein som er ansvarleg for politiattestar
- Utpeike ein ansvarleg for barneidretten

Andre viktige oppgåver:

- Planlegge og ivareta klubben si totale drift, mål- og strategiarbeid, budsjett og rekneskap
- Sjå til at idretten sine retningslinjer for aktiviteten i klubben vert følgt
- Stå for klubben sin daglege leing
- Arbeidsgjevaransvar for eventuelle tilsette
- Legge frem innstilling til årsmøtet på kandidatar til valnemnd
- Utpeike to personar som i fellesskap skal disponere klubben sine Conti, og sørge for at dei er dekkja av underslagsforsikring
- Utpeike eller engasjere rekneskapsførar og materialforvaltarar
- Lage årsberetning frå styret til årsmøtet
- Oppdatering av klubbhandboka

Styremedlemmane kan veljast til spesifikke oppgåver som kasserar eller sekretær på årsmøtet, eller styret kan sjølv fordele oppgåvene. Fordelinga av oppgåver bør beskrivast, slik at folk ser kven som skal kontaktast i ulike saker.

Leiar

- Mål- og strategiarbeid i klubben
- Er klubben sitt ansikt utad og klubben sin representant i møter og forhandlingar
- Står for klubben si daglege leing og koordinerer styret og klubben sin totale aktivitet
- Innkallar til styremøter, førebur saker og leiar møta
- Ansvar for samordna rapportering til Idrettsforbundet

Nestleiar

- Overtek oppgåvene til leiar ved forfall

Andre oppgåver som vert fordelt blant styremedlemmane:

- Føre protokoll frå alle styremøter og referat frå medlemsmøter
- Ta seg av post- og eventuell arkivering
- Lage møteplan saman med heile styret og distribuere planen til alle styremedlemmar
- Lage oversikt over klubben sine tillitsvalde
- Oppdatere klubben si Facebooksider og heimeside

Styret sitt arbeid

Tal av styremøter vert tilpassa aktiviteten i klubben. På årsbasis er det normalt med om lag 5-8 styremøter.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gitte stemmene. Ved like mange stemmer er stemma til møteleiaren avgjerande. Styremedlemmane pliktar å respektere eit styrevedtak, sjølv om det er fatta mot vedkomande si eiga stemme.

Styremøter kan haldast per e-post eller per telefon, sjå vedtektene for klubben § 9. Det skal alltid førast protokoll frå styremøta.

Kvart styremøte bør starte med spørsmål om det kan vere mogleg inhabilitet i nokon av sakene, og behandlinga av inhabilitet skal alltid protokollast. Om inhabilitet, sjå vedtektene for klubben § 8.

Utval/komitear

Mandat og oppgåver for utval/komitear som er lovpålagte, går fram av klubben sine vedtekter. Det gjeld valkomité og valt revisor.

For dei styreoppnemnde utvala bør ansvar og hovedoppgåver for utvala beskrivast av styret sjølv når styret vedtek å opprette utvala. Slik blir det lett å finne ut kva dei tillitsvalte i komitear og utval kan og skal gjere. Skildringa bør innehalde ei forklaring av korleis utvalet/komiteen er bygd opp, og kva mandat og oppgåver utvalet/komiteen har.

Aktuelle funksjoner/utval oppnemnt av styret:

- Sportsleg ansvarlig/utval
- Hovudtrenar
- Dommaransvarleg/utval
- Materialforvaltar(ar)
- Anleggsansvarleg/utval
- Utdanningsansvarleg/utval
- Dugnadsansvarleg/utval

Klubben sine vedtekter

Klubben skal ha egne vedtekter. Vedtektene skal vere basert på lovnorm for idrettslag, som en finn på heimesida til NIF. Vedtektene til klubben er ufråvikeleg og inneheld eit minimum av det idrettslaget må ha i sine egne vedtekter. Klubben kan vedta andre ting i tillegg i vedtekene, men tillegga må ikkje vere i strid med vedtektene. Alle lovendringar må bli vedtekne av årsmøtet og godkjennast av idrettskretsen.

<https://www.fotball.no/kretser/sunnmøre/om-kretsen/lov-og-reglement/nffs-lov-og-reglement/>

link: [Vedtektene til VFK](#)

Medlemskap

Ved innmelding skal medlemmene registrerast med namn, fødselsdato, adresse, e-postadresse og telefonnummer. Medlemmane skal melde seg inn i klubben via *Min Idrett*. Link ligg på heimesida. Namn og kontaktinformasjon til føresette skal også registrerast. Alle medlemmer har ei eiga personleg idrettsside på Min Idrett. Denne må kvart medlem aktivere før den kan brukast. Her kan du som medlem, utøvar, tillitsvald eller administrativt tilsett melde deg på arrangement og kurs, endre dine egne personopplysningar, finne informasjon knytt til lisensinnbetaling, dine kommande aktivitetar og andre funksjonar og tenester som kan vere aktuelle og interessante for deg.

Når ein vil bli medlem i ein klubb, kan ein ikkje ha uoppgjorte rekningar i ein anna klubb. Alle som har betalt medlemskontingent i klubben, er medlemmar. Medlemskapet vert rekna frå den dagen kontingenten er betalt.

Ein tilsett kan vere medlem i idrettslaget, men har ikkje stemmerett på årsmøtet og kan heller ikkje ha årsmøtevalde verv i idrettslaget. Unntak gjeld for personar som berre har nokre få betalte trenartimar i veka, og som ikkje har dette som hovudarbeid.

Medlemskapet i idrettslaget kan opphøyre ved utmelding, stryking eller eksklusjon. Ei utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er motteke. Eit medlem som skuldar kontingent for meir enn eitt år, kan strykast, og kan ikkje verte medlem igjen før den skuldige kontingenten er betalt. Om eit medlem skuldar kontingent etter to år, skal medlemskapet avsluttast og strykast frå idrettslaget si side. Dersom idrettslaget vurderer ekskludering av eit medlem, må ein ta kontakt med idrettskretsen. Der finns ikkje egne prosedyrar for ekskludering.

Medlemskontingent og treningsavgift

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet. *For VFK gjeld: Medlemskontingent kr 200,-*

Andre avgifter kan krevjast for deltaking i lagets aktivitetstilbod. Det kan vere treningsavgifter for dei ulike aktivitetane, inngangspengar ved arrangement eller eigenandeler i samband med deltaking i konkurransar og på kurs. Slike avgifter treng ikkje årsmøtevedtak.

Deltakaravgift i cupar

Deltaking i konkurransar/cupar krev ofte kontingent eller deltakaravgift. Klubben dekkjer vanlegvis: påmeldingskostnader til ein cup pr. lag.

VFK vidarefører tidlegare praksis frå VanKam vedr. støtte til Norway Cup:

- Kr 10.000,- pr lag (*endra etter styrevedtak 2024*)

Klubben sine aktivitetstilbod

Ei skildring av mål og visjon for aktivitet finn du i Sportsplanen. VFK vil at alle som har ansvar for born eller er trenarar for born, skal kjenne til rettane born har som deltakarar i barneidrett.

Dette vil mellom anna seie at:

- Aktivitet skjer på premissane til borna
- Borna har det trygt
- Borna har vener og trivast
- Borna opplever mestring
- Borna får påverke eigen aktivitet

For meir informasjon: [Idrettens bornerettigheter og bestemmelser om borneidrett](#)

Alle som er trenarar for ungdom i klubben, skal kjenne til retningslinjene for ungdomsidrett.

Klubben og trenarar skal sørge for:

- At ungdom kan bli så gode som dei sjølv vil
- Å legge til rette både for dei som vil konkurrere, og dei som ikkje ønskjer å konkurrere
- At ungdom får vere med på å bestemme over eigen aktivitet
- At ungdom får bidra med det dei kan
- At ungdom får utdanning eller kurs for å utvikle seg
- At treningsavgifta er overkommeleg for ungdom

For meir informasjon: [Retningslinjer for ungdomsidrett](#)

Aktivitetsplan/terminliste

Sjå Sportsplanen for meir informasjon om aktivitet

Klubben sine arrangement

Målet for VFK er at vi i løpet av året skal:

- Vere vertar for miniturnering
- Vere med på å arrangere «Oddencup»
- Arrangere ei turnering i hallen
- Arrangere Castrol Cup i Olivinhallen
- Arrangerer fotballskule i sommarferien

Reise i regi klubben

Sportsplanen og klubbhandboka er grunnlaget for korleis vi oppfører oss på reiser i regi av klubben. Dette gjeld ikkje berre utøvarane, men også føresett og andre som er med. Verdiane for Fair Play og tanken om breiddeidrett skal stå i fokus.

Klubben oppmodar alle til å reise i klubbkle på arrangement/kampar både spelarar og trenarteamet.

For deg som er utøvar, føresett, trenar, lagleiar og klubbdommarar

Nedanfor finn du informasjon som er tilpassa deg som utøvar og deg som føresett. Du finn meir informasjon i Sportsplanen og på NIF og NFF sine heimesider.

Utøvar

Som utøvar bør du vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemd)
- Aktivitetstilbodet og dugnad
- Medlemskap
- Klubben sine retningslinjer, Fair Play og forventningane til deg som utøvar

Forelder/føresett

Som føresett bør du vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemd)
- Samtykke for og retningslinjer klubben har for bilde/video
- Aktivitetstilbodet og dugnad
- Medlemskap og forsikringar
- Politiattest
- Klubbens retningslinjer og foreldrevettreglane

Om du som føresett har noko du ønskjer å diskutere med klubben (det kan vere t.d. at du lurar på speletid, aktivitetstilbodet eller liknande), skal du ta kontakt med sportsleg utval i klubben. Sportsleg utval vil i neste omgang ta dette opp med aktuelle trenarar og lagleiarar.

Trenar

Trenarane har ansvar for å sikre at medlemmane som deltek i klubbaktivitetar, får eit godt tilbod og på ein god måte. Som trenar er ein representant for klubben. Trenarane er ansvarlege for oppfølging av sine lag. Trenarane samarbeider med lagleiarane om organiseringa av aktivitetane som laga deltek i.

Trenarane skal vere kjende med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemd)
- Fair Play reglar og at dei vert overholdt
- Aktivitetstilbodet og halde orden på klubben sitt utstyr
- Medlemskap, lisens og forsikringar
- Politiattest
- Kompetansetilbod for trenarar
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til trenarane
- Kva klubben tilbyr trenarane sine (utstyr, klubbklede, kurs, evt honorar, etc.)

Oppgåver til trenar:

- Sette opp sportslege og sosiale mål for laget framfor kvar sesong i samsvar med Sportsplanen
- Planlegge trening i samsvar med aktivitetsplan/terminliste og Sportsplanen
- Leie treningane i samarbeid med eventuelt andre trenarar/hjelpetrenarar
- Ta vare på klubben sitt utstyr og hjelpe spelarane til øve inn gode rutinar på å rydding etter seg
- Møte i god tid til trening og kamp, samt leie laget under kampar. Hugs å ha på klubbkle på kampar.

- Ha dialog og samarbeid med foreldra
- Møte i trenarforumet i regi av klubben
- Følge Fair Play og gjeldande regelverk og gå gjennom dette med spelarane på laget
- Sette seg inn i reglar og retningslinjene for barne –og ungdomsidretten frå Norges idrettsforbund
- Sette seg inn i klubbens verdigrunnlag og retningslinjer for spelarar og trenarar
- Sjå til at både eigen og oppførsel til laget er i samsvar med verdigrunnlaget til klubben og NFF.
- Vere oppdatert på informasjon frå styret
- Representere klubben på ein god måte

Lagleiar

Lagleiaren er den administrative leiaren av laget og har ansvaret for at alt praktisk fungerer rundt laget. Lagleiaren skal overlate alt det sportslege til trenaren/trenarane som har ansvar for organisering av treningar, lagoppsett til kampar, gjennomføring av kampar etc.

Lagleiar bør vere kjend med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemd)
- Klubbens aktivitetstilbod
- Medlemskap, lisens og forsikringar
- Politiattest
- Klubben sine retningslinjer og forventningar til foreldre

Oppgåver til lagleiarane:

- Ajourføre laglister for sitt lag
- Følge med på info som blir lagt ut på FB sida til VFK lagleiarasida
- Legge ut innlegg på FB sida VFK aldersbestemte lag + innhente løyve på dette hjå alle spelarar
- Gjere seg kjend med Sportsplanen
- Arrangere møter for foreldre og utøvarar i samarbeid med trenar
- Gå igjennom Fair Play-reglar, foreldrevettreglar og sportsleg plan med alle spelarar og førsette
- Stille på møter for lagleiarar og allmøter
- Gi informasjon til spelarar, trenarar og førsette
- Ansvar for evt.lagkassa
- Melde på til cupar og turneringar
- Kalle inn til dugnader
- Arrangere heimekampar, ta imot gjestande lag og dommarane, fyller ut kamprapport
- Administrere reiser til/frå kampar og cupar/turnering
- Skaffe dommarar til kampane
- Sikre at alle utøvarar/spelarar har lisens
- Ha korrekt utstyr/medisinbag

Klubbdommar

Klubben er avhengig av klubbdommarar for å kunne delta i seriespel, cupar og turneringar. Klubbdommarane har ansvar for å sikre ein god gjennomføring av kampane.

Klubbdommarane skal vere kjende med:

- Kva klubben står for (verdiar, visjon og verksemd)
- Krav til dommarar på ulike nivå
- Medlemskap, lisens og forsikringar
- Klubben sine retningslinjer og kva vi forventar av klubbdommarane
- Kva klubben tilbyr klubbdommarane

Klubbdrift

Kurs og utdanning

VFK har som mål at alle trenarar skal ha trenarkurs. Sjå Sportsplan for meir informasjon.

VFK har eit mål om å arrangerer dommarkurs ein gong annakvart år.

Medlemshandtering

VFK brukar Klubbadmin for å registrere og behandle medlemskap. Klubben har eigen medlemsansvarleg. Det er også i klubbadmin ein fakturerar både medlemsavgift og treningsavgift, ein gong for året.

Dugnad og frivillig arbeid

Vanylven Fotballklubb er i hovudsak drive av frivillige. Det vil seie at føresette, søsken og andre stiller opp utan å motta løn. Denne innsatsen gjer at vi kan ha eit godt aktivitetstilbod og at klubben vert ein god stad å vere for både born, ungdom og vaksne. Det er mange oppgåver som skal løysast. Det kan vere vasking av drakter, rydding av utstyr, rydding av klubbhuset, parkeringsvakt under turneringar, køyring til kamp, kiosk, vedlikehald av idrettsanlegga. Dette er frivillig arbeid som kjem alle i klubben til gode. Dette er dugnad. Det mange som deltek i denne dugnaden i Vanylven Fotballklubb, og klubben er heilt avhengig av denne dugnaden og svært takksam for arbeidet akkurat DU gjer!

Politiattest

Klubben krev politiattest av alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgåver for klubben som involverer at du har ansvar for born og unge. Det er to viktige overordna grunnar til at norsk idrett har innført ei ordning med politiattest:

1. Seksuelle overgrep mot born er totalt uforenleg med verdigrunnlaget til idretten.
2. Norsk idrett skal vere ein trygg stad for alle born, og ein trygg stad for foreldre å sende sine born.

Dette vil seie at alle lagleiarar og trenarar skal ha gyldig politiattest. Du må sjølv søke politiet om ein slik attest. Attesten skal visast fram til politiattestansvarleg i klubben (pr. 2020 er dette Grethe Ervik).

VFK sitt syn på doping

VFK tek avstand frå all bruk av doping- og rusmiddel. Klubben følgjer retningslinjene til NFF i høve dette punktet.

Kommunikasjon

Klubben legg ut informasjon på Facebook sida VFK, samt VFK aldersbestemtelag. I tillegg er det også info på heimesida: www.vanylvenfk.no

Arbeidsgivaransvar

Det er styret som har arbeidsgivaransvar for dei som evt. er eller vert tilsett i klubben. Klubben lagar arbeidsavtale med den einskilde arbeidstakar i tråd med hovudtariffavtalen og arbeidsmiljølova.

Tryggleiksarbeid (HMS)

Klubben har ansvar for tryggleiken for medlemmar og andre som kjem i kontakt med klubben på arrangement, på dugnader, under reiser og under opphald i klubben sine lokale og anlegg.

Økonomi

Det er styret som har det overordna økonomiske ansvaret for klubben sin økonomi. Det inneber at styret har ansvar for at:

- Midlane til klubben vert forvalta på ein forsvarleg og god måte
- Klubben har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen
- Klubben har ein forsvarleg økonomistyring

Styret kan delegere oppgåver knytt til den daglege oppfølginga av økonomien.

Styret sine oppgåver knytt til rekneskap og økonomi:

- Styret skal sikre at det er ein forsvarleg ansvarsdeling knytt til rekneskap og økonomistyring
- Styret skal utarbeide eit realistisk budsjett
- Styret skal sikre at rekneskapen vert ført fortløpande
- Styret skal sikre at klubben har ein eigen bankkonto
- Styret skal sjå til at det vert kravd to signaturar i banken
- Styret skal sjå til at klubben har teikna underslagsforsikring
- Styret skal sjå til at klubben har valt revisor eller engasjert revisor og kontrollkomité

Forsikringar

Alle born som er medlemmer av lag som høyrer under NIF eller NFF, er forsikra gjennom Norges Idrettsforbund frem til den dato de fyller 13 år.

VFK teiknar ekstra forsikring ungdoms- og seniorspelarar.

For vidare informasjon: <https://www.fotball.no/klubb-og-leder/forsikring/>

Anlegg og utstyr

VFK har ansvar for desse anlegga:

- *11-ar grasbane* - Vanylven kommune er eigar av sentralbaneanlegget og Vanylven FK utfører vedlikehald mot driftstilskot
- *Tribuneanlegg* – eigd og dreve av Vanylven FK
- *5-ar treningsfelt kunstgras* – eigd og dreve av Vanylven FK
- *Vanylvshallen med 7ar kunstgrasbane* og tilhøyrande kantine/kjøkken, garderober og toalett, samt friareal i 2etg – eigd og dreven av Vanylven FK

<u>Personleg utstyr:</u> (Kvar utøvar må sjølv syte for å ha) - Treningskle - Fotballsko - Strømper til kampdrakter	<u>Klubben sitt utstyr:</u> (Vanylven FK syter for at kvar spelar har) - Kampdrakt (Over og underdel - ikkje fotballstrømper) - Felles treningsutstyr som ballar, vestar og fyrstehjelpsutstyr
---	---

Utmerkingar og æresbevisingar

Æresmedlemskap er Vanylven FK sin høgaste utmerking og kan tildelast personar som har utført eit særleg verdifullt arbeid for klubben. Arbeidet kan vere nedlagt på det administrative området, som spelar eller gjennom praktisk arbeid. Utmerkinga skal henge høgt og det skal stillast høge krav til vedkomande sitt arbeid, innsats og resultat.

Vanylven FK har desse æresmedlemmar:

- *Hallvard Takset (2022)?*

Retningslinjer i klubben

VFK følgjer NFF sine retningslinjer for fotball i alle aldrar.